



AM  
UTGJEVE AV JØLSTER  
— 1984 — — MÅLLAG —



# Jul

Julenatta kom ljaset til jord,  
med englesong frå himlen.  
Og såleis lydde Frelsarens ord  
ut til menneskevirmen:  
Fred på jordi, elsk din neste!  
Ja, gjev dei ordi må finne feste  
i menneskehjarto,  
og skape  
**fred**, så det vonde må tape.

Rakel Viken



Styret i Jølster Mållag frå venstre: Leon Årdal, Ingrid Søyland Hope, Jon Gåsemyr, Annborg Brekkhus, Jarle Helgheim og Laila Hov Sandnes.

## Medlemspengar i Jølster Mållag

Jølster Mållag har berre godt 40 medlemmer i laget sitt. Dette er altfor lite for ei bygd som Jølster. Aksjonen vår med ei oppmøding om å bli medlem og ein blankett i postkassen i fjor gav ikkje det resultatet vi hadde vona på. No legg vi ein blankett i kvart blad i von om at nokon vil bruke han og bli ny medlem i laget. Årskontigenten er høg - 80,- kroner i året. Det kjem av at for kvar medlem vi får i laget, skal Noregs Mållag har 60,- kroner, Firda Mållag 10,- kroner og så blir det att ein tiar til lokallaget. Ektefelle til medlem, pensjonistar og skuleelevar betaler 40,- kroner.

Målsaka treng støtte!

Bli medlem slik at organisasjonen kan stå sterkare i kampen om målsaka.

## Treng vi Jølster Mållag?

Vi vil med eingong slå fast at det gjer vi. Ikkje det at nynorsken er i faresona her i bygda, men i mange andre deler av landet er han det. Vi treng ein organisasjon som passar på rettane våre og passar på at NRK og andre massemedia bruker nynorsk slik som vi har krav på. Vi treng ein organisasjon som ser til at forlaga gjev ut lærebøker på nynorsk slik at vi kan få lærebøker i nynorske distrikt og. Det kunne reknast opp mange andre døme og.

## Kva saker vil Jølster Mållag arbeide med?

Vi har kvart år no skipa til ein bokdag. Dette vil vi halde fram med. I år hadde vi forfattar Rolf Ljosnegaard som heldt eit godt og tankevekkjande kåseri. Dessutan var nokre lokale krefter i sving. Barneleikarringen på Eikås hadde framvising og felejentene frå Fjellklang spela. Det var ein triveleg ettermiddag på Vassenden med godt fram møte av bygdefolket. Bokhandlar Huus hadde som vanleg ei utstilling av nynorsk-bøker.

I år har vi dessutan prøvd på noko nytt, nemleg å gje ut eit blad - Jølst. Vi har teke kontakt med folk i bygda som er gode til å skrive og fått berre velvilje kor vi vende oss. Bladet får de sjølve vurdere. Men dersom de likar bladet, og vi får så stor avsetnad på det at vi kan våge oss til på nytt, vonar vi dette kan bli eit årvisst tiltak.

Vi ønskjer det skal vere eit blad som inneheld kulturstoff frå bygda vår. Lag og organisasjonar kan skrive om kva dei driv med. Elles er vi interesserte i alt som har med bygda vår å gjere. Vi tek gjerne imot innlegg i bladet om noko som høver. Og er det nokon som veit om eller har noko som burde komme på prent i bladet vårt, så gjer vel og sei frå til oss om det. Vi vonar på nytt blad med godt innhald til neste år og!

Ei oppgåve vi ønskjer å arbeide med, er å få samle inn gamle ord og uttrykk frå Jølster. Vi veit at og andre er opptekne med dette arbeidet. Vi oppmodar dei om å ta kontakt med mållaget, så kunne ein kanskje få inn så mykje ordtilfang at ein funne få det prenta i eit hefte eller ei bok. Slikt stoff kunne og få plass i neste nummer av bladet Jølst.

## Kva saker har Noregs Mållag arbeidd for siste året?

Det har først og fremst vore: Skulemålet, ordtilfangsaka, vervearbeidet, økonomien, norskfaget, dialekt-saka, særskilde kultursaker og mediaspørsmål. Det har vore halde skulemålsrøystingar i ein del krinsar, men berre i nynorsk krinsar og nynorsken er på tilbakegang i Trøndelag og i Telemark. Heldigvis er han i framgang andre deler av landet som i Rogaland, så samla er det ein liten framgang for nynorsken.

Økonomien til Norges Mållag er ikkje god. Siste året (1983) gjekk dei med 83.000,- kroner i underskot. Ein aksjon for å få fleire medlemmer har ikkje gjeve det resultatet ein sette seg som mål. Organisasjonen treng støtte om han skal stå sterkare i kampen om målsaka.



Astrid Myklebust har laga omslaget og dei tre grafiske blada som ein finn i heftet. Desse er såleis alle originale linotrykk på rispapir som er overførde fotografisk til bladet.

# Jølstrajul i parafinlampa sine velmaktsdage

For hundrad år sidan rekna dei det for jul heilt til kyndelsmesse (2. februar). Men i parafinlampa si tid vart jula innkorta mykje. Og då det elektriske ljuset kom - enda meir. Men dei budde seg på jula 3 - 4 veker.

Julebrev til Amerika var vel noke av det første. Det fanst vel ikkje ein heim i Jølst som ikkje hadde nokon der borte i mine guttedage. Når desse breva låg ferdige, og skulle ut på den lange ferda, lurte eg meg til å sjå litt i dei. Dei var svært kortfatta, og etter mi meining berre som eit livsteikn. Det var nokre setningar som gjekk att i kvart eit brev: «Vi er til dags dato friske og håper å høre det samme fra dere». Og so var der ei liste over dei som var bortfarne i året - Ja, og so kanskje der stod noke om at «vi har havt en regnfull sommer».

Breva som kom attende var nok sydde på same lesten. Men regn skreiv dei aldri om, korkje frå Kalifornia eller Minnesota. Eg tenkte: Der måtte det vere gilt å vere...! I god tid før jul måtte julegrisen slaktast. Det var ein utriveleg dag, og det var godt når det var over. Juleved måtte ein ha, tørr og god, jula til ende. Det hadde karane ansvaret for.

Tre dagar før jul måtte kvinnfolka ha rokken ut or stova. Sidan for dei både høgt og lågt - vaska og «romsterte». Til og med fjøsglasa måtte vere gullande reine. Det var eit arbeid eg vart tiltrudd å gjere. Eg fekk ei utførelg bruksrettledning å gå etter. Då eg hadde havt dette «tillitsværvet» i 3 år på rad, vart eg tiltrudd å vaske kjellarglasa og. Men det var ikkje nok. Kaffikjelen måtte ogso ha ein kraftig omgong julafta. Den la eg mykje arbeid på, så den skein som det skire gull!



Vi møtte Anders P. Sægrov i eitt av hans mange gjermål heime på garden.

Far brukte å ta seg av stoveomnen. Først måtte den sotast grundig, og der etter pussast både vel og lenge. Dette var julaftans arbeid. Men ei julaft var han uheldig. Det året hadde han kjøpt av denne nymotens flytande omnsverta. Den gamle velprøvde sorten med ein hest på øskjeloket, var ikkje å få lenger. Han hadde kanskje ikkje hefta seg med å lese bruksrettledninga heller. Då vi fyrte i, osa omnen noke reint forferdeleg. Vi kunne ikkje sjå kvarandre inne i stova. Døra laut stå på vid gap heile julekvelden.

Nokre dagar før jule måtte husfedrene ein tur til handelsmannen, kanskje husmora var med og om veret var tolleg bra. Når ein handla til jul, skreiv gjerne far ein hugselapp. Til vanleg klara han seg utan lapp. Eg hadde fått slik ei brennande lyst på eit munnspeil, men pengar til eit slikt hadde eg ikkje, av di det hadde slege feil med røysekattfangsten det året. Då stal eg meg til å skrive på hugselappen: «Vil du kjøpe eit munnspeil til meg?» Eg skjæmdes fælt etterpå, men instrumentet fekk eg - og musikk vart det, jula til ende....

Far hadde den uvanen å kjøpe kaffi i laus vekt. Det var ikkje alle som likte. Dei som kjøpte Bjørneseths eller Frieles kaffi i ferdige pakkar, fann eit «kaffikort» inne i posen. Dei korta var mykje verdfulle. Når ein kom på butikken anga det nybrend kaffi, appelsiner og tobakk. Eg las på eit skilt: «Tidemanns tobakk er alltid best». Ellers hekk mykje varer oppe under taket i dei dage. Der hekk det kloggar og fjøslukter, kasserollar og mykje anna rart.

Det var ikkje so mykje hovudbry med julegaver i dei dage trur eg. Bestemødrene og mødrene var dei som strødde mest om seg. I all løynd var dei godt i gong med julegåvene, før amerikabreva vart sende. Men på krambua kunne der nok vere mangt som freista. Opp i hyllene stod muggar og koppar med gylt rand og roser på. Men dei var ikkje billege der dei stod!

Dei første juletre i indrebygda var einetre. Men etter kvart vart det ein og annan som fekk seg gran eller furetre frå «skogane». Men når frakta kom til kosta dei 2 kroner. Eit juletre kosta med andre ord 20 l heilmjolk. Og det vart på grensa av luksus. Eg fann at eg ville spare tokroningen, og gjekk i marka for å hogge eine. Men der var ikkje noke som var brukande. Det fekk geitene skulda for. No var det inga onnor løysing enn å «lage» eit tre. Eg feste einegreiner på ein orestaur. Det vart so fint tre, at eg fekk skryt - eg hadde klart å løyne armoda, og hadde spart 2 kroner.

Dei snakka om å «hauste» juletre i dei dage. Dei pynta treet med eple og appelsiner og kjeks. Lenge gjekk borna og såg på herlegdomen, men ein måtte vente til 20. dag jul. Men stovevarmen hadde fare ille med appelsina og epla - so hausten vart heller tunn.

Jula har vore heimen si høgtid. Dei som var langt borte, ville gjerne heim. Ein slik tur kunne vere litt av ei oppleving, når bygda låg nedsnøa, og kulden beit nasa. Men når dei so kom heim til sine, so var det oveleg gildt. Høgste jula var alle kvar i sin heim med sine. Ingen gjekk ut til noken og ingen kom.



Men ein gong hende det at vi hadde framande gjester jula til ende. Veslejulafta kom to kufertthandlarar til gards. Dei hadde mykje rart å legge opp på bordet, vakre blyantar, kambar og lommespeglar og lommelykter. Og det var eit eventyr alt saman. Om dei kunne få overnatte? Ja, det var ikkje so godt å late dei ligge ute vinternatta. Dei fekk lov å overnatte. Om dei kunne få bu her høgste juledagane? Mor kvidd seg på det. Men etter noke snakk fram og tilbake, so vart det slik. Dei var i frå Kristiania sa dei. Og dei hadde sett og opplevt mykje.

Det var ved kveldsbordet julehøgtida hadde sitt høgdepunkt. Då vart juleevangeliet lese og det vart sunge. Då dette skulle skje, gøymde desse to karane seg av på rommet sitt, og var sturne. Far og mor ville ha dei inn. Men dei var ikkje lette å overtale. «Dere synger og lesar på landsmål, det vil vi ikke ha noe av». Men foreldra mine brukte riksmål i dei dagar - då dei høyrde det, gjekk dei inn. Den eine av dei hadde ei gild songrøyst. Det såg tydeleg ut til at høgtida ved bordet rørde ved noke i dei- ra indre, etter kvart vart dei som noken av våre eigne. Då 13. dagen var liden, for dei. - Vi såg dei aldri meir.

Om det var roleg ver, vart det kyrkjeferd juledag. Vi hadde det godt medan «Skjolden» var kyrkjebåt. Om det regna eller bles litt, der sat vi som i ei stove. Og der ombord vart vi kjende med folket i fjorden. Båtturen kosta 30 øre. Ingen fann grunn til å klage på det. Dvergsdølingane tok ut båtane sine og la i land ved Husnaustå. Og Myklebostar la i land ved Kyrkjjesanden. Frå Stardalen og rundt Skei kom dei køyrande med dei finpussa hestane sine. Dombjølleklangen ville ingen ende take. Vi som opplevde dette, tykkjer vi kan både sjå og høyre det enno.

Ute på kyrkjetunet stogga ein gjerne og helsa på kjent-folk. Då sa ein: God jul! og fekk til svar: Takk i like måte! Eg tvilar på om mål dyrkingslaget som var i si velmakt i Kallhovd si tid, fekk rydde ut dette pæredanske uttrykket.

På ein juledag kunne ein som oftast sjå norskamerikanarar. Dei var litt finare kledde enn vi. Og det var so mange som helsa på dei, som rimeleg kunne vere etter 6 - 7 års fråver. Å ja, endå lenger.

Ein juledag med fullsett kyrkje, der kyrkjelyden med kraft og varme song: «No koma Guds englar med helsing i sky», sette merke i mange sinn. Og mange andre gilde salmar og. Presten hadde som oppgåve for dagen å overtude fagnafolk om at ogso dei trengde ein felsar. Dei heldt ikkje mål. Det er slett ikkje få som har fått kjenne at det er sant.

Julehøgtida har vore kyrkja og heimen sin fest. Men juletre festane i grendene må vi ikkje gå stille forbi. Det kunne bli både 2 og 3, før jula tok ende. Eit år hadde vi fest 3 kveldar på rad i Sunde. Og det var **Olav Huslid som tala på alle 3!** Olav Huslid fekk i 11. time spørsmål om han kunne kome som «vikar» for å tala for ein som var komen i ei knipe. Ja, Huslid kom til Sunde. Vi hadde ein gild fest. Men når han skulle over fjorden om kvelden, hadde det vorte storstorm. So vart han buande hjå Astri og Johs. Helgheim. Stormen heldt fram dagen etter og. Og her stod juletre festane i kø for å sleppe til. Det var no dette med stormen. Ja, so kom noken på det at vi hadde no Huslid her! Ja vel, so vart det fest andre kvelden og. Huslid tala. Stormen ula og ylte. Songen kring

# Stølskveld

Augustdagen låg og godna seg i solheten med blåklår luft kring alle fjell. Ein tanke hadde leika i hugen heile dagen, i kveld vil eg fare til støls. Då sola dala i Tynningskaret, for eg lett i hugen og med nistepakke på ryggen inn den gamle stølsvegen. Alle mine sansar var opne for dei kjende og kjære stader kring råk og kvileplassar. Ei lita vindgræle svala panna mi då eg svinga Alfarhaugen. Og eg supa i meg anger av mose og lyng, og kring tuve og søkk stod vesle «Linea» og nikka til meg etter kvart som eg nærma meg støylen i den gode augustkvelden.

Vel framme tok eg ei lita kvild på seltroppa. Let auga fare øver stølsvollen, som ligg innhegna av høge steingjerde, lødde opp av sterke arbeidshender i gamaltida. Stølshusa, berre sju i talet no, står der kring giel og steingardar og hyse på minne og hendinga frå kvorvne tider. Grøvenipa står lauga seg i raud kveldsol der Fossegrova kjem med sin vassgufs nedetter fjellsida, men i kveld er ho i godmøle, det høyrer eg på låten.

Fyrste gjere mål, finne eit bidne og hente krysstallklårt vatn frå kjelda ned på Kvia. Leite fram kveiksle, fyre i stølsommen, snart ryk det god næverrøyk frå skorsteinspipa i Perselet. Om ei økt anga det kaffi gjennom det opne selsglaset. Då er det berre å nyte eit stølsmåltid i ro og mak, og det er velsigning nok.

Berre late tankane leike og tomle, her er tid nok. I

## Gamlestova Skreve i 60-åra av Rakel Viken

Den stille freden i gamlestova  
det dimme ljuset i vesle Kova  
det gav ei stemning av fred og ro  
som vi så ofte lyt sakne no.

Om tak og veggjer her kunne tale  
om folk og ætter som her er ale,  
om liv og lagnad i år som kvarv  
det vart ei soge om sæd og arv.

Her lydte sullar, og ungdomstralla,  
men sukk av dei som mot grava halla.  
Her mørdest livet vel rikt og raust  
men like vist kom ein folna haust.

Om laurdagskveldane stilna ståket  
då la dei frå seg alt arbeidsåket,  
for då kom helga i stova inn  
og dei heldt andakt med fred i sinn.

Den gamle ætt vi høgt må æra  
den kristne arven vår borg må vera,  
då har vi lovnad om signing med  
om liv og framgang i ljøs og fred.

medan kjem denne lette, mjuke skyminga inn glaslet til deg, som berre ein augustkveld kan bere i fang.

Burt med tjørna stig opp ein dott med vasseim, og rundt tjørnbarden står kvitlegga bjørker og småkratt, ein slik kveld er det alvedans på moseteippe rundt tjørna.

Auga glid burt på «Heia», og over dei lange Breimyrane har tvinna seg eit «draumeland» av skoddeim, med ei vaktande fjellfure i skogabandet burt i «Reset». Det må vere i slikt lende og natur at feleslåttan, «Huldremøyane dansar», har vore skapt og forma.

Ein raud blank halvmåne har grave seg fram om Graufjellet på natthimmelen. Og heile dalen og støylen er omskapt til noko trollvakkert. Stein og trestuvar tek seg som gamle gubbar, kan formeleg høyre hæljarne klakkar i helle og stein rundt selsnove og falleferdige fjøsar.

Aust over Skardfjellet blenkjer ei einsleg stjerne på himmelklåren, held liksom vakt over dei nedmorkna fjell-løene i Skårdslåttå, dei som no er ei heil soge for seg. Krøtterråka på Skardet og fram Høgrehaugen er attgrodd av lyng og kjør, berre ein rjupestegg skvatrar ut i audna.

Augustnatta er på hell. Om eit bel kjem hausten og set sine merke på dalen og støylen.

Helga Fluge

## Måldyrkingslaga i.... Framhald frå side 11

borna sine lese bibelsoga på målet. Det kjendest so heimsleg når eg høyrde om Fariseraren og toll-mannen, for far dreiv ofte med å bøte på tollar gjennom kolvane, dei som trødde i vevstampa ved elva.

Matias Orheim kom med fela og songane sine. Rektor Kårstad, Volda, med andaktsbok. Det vanta ikkje på konsonantar når far las teksten på målet. Når ungdomspresten i bispedømet var på farten, tala han i laga, som og kunne få vitjing skaldar, som Olav Sletto o.a. Møteboka åt Myklebust ul. får referat på «samnorsk» ei tid (1907). Men med årsmeldinga for 1911, tek nynorsken over for godt. Grunnlaget skulle vere bra i Jølster, for prof. Indrebø skal ha sagt ved eit høve, at det meste og beste i målvegen hadde han frå barndomsheimen og Jølster.

## Jølstrajul i.... Framhald frå side 6

juletre overdøyvde alt. Og bjørkekubbane heldt omnen varm. Og den andre kvelden vart like gild som den første. Huslid vart buande hjå Helgheim andre natta og. Stormen heldt fram 3. dagen og, med full styrke. Og folket i Sunde tykte det gjekk godt an med ein fest på ny. Huslid tala, songen ljoma, folket hygde seg. Dagen etter gav stormen opp. Juletreffestane i Sunde var over - kvardagen melde seg - Olav Huslid for heim til Skei.

Ja, Godt folk! - Vi heldt jul i oljelampa si tid og. Vi hadde det gildt.

Anders P. Sægrov

# Møte med ein innflyttar



*Interjuv med Tone og Thomas Forrest av Annborg Brekklus*

Eg er innflyttar i Jølster, og har budd her i snart fire år. Me trivst godt, både familien min og eg, ikkje minst på grunn av den fine naturen, og dei mange sjansane til å dyrke friluftsliv på sommar som vinter.

Her i byggefeltet som me bur, er det innflyttarar frå ulike delar av landet, og nokre frå andre land har òg funne vegen til Jølster. Ein av dei er Thomas Forrest som kjem frå Skottland, og kona Tone som opprinneleg kjem frå Bergenskanten, men som har flytta ein del rundt i landet.

Eg tykte det kunne vera interessant og høyra korleis dei følte det å vera innflyttarar her i Jølster, så eg tok kontakt med dei for ein liten prat, og for å verta litt betre kjent med dei.

Eg spurde Thomas kvar i Skottland han kjem frå? —Eg kjem frå ein stad som heiter Biggar, og det ligg ca. 3½ norsk mil sørvest frå Edinburgh, svara han på godt forståeleg norsk. Han fortel vidare at første gong han kom til Norge var hausten 1979, og då kom han til Gol for å vera med på slakting og saueklypping. Her i fylket har han budd sidan 1981, og kom til Jølster hausten 1983. Han kjem frå ein stor gard der dei hadde omlag 1600 sauer, så då er det lett å skjønna at Thomas har valgt dette yrket, og han arbeider no hjå Vestlandske Salslag.

Nett no er det saueklypping både seint og tidleg, så arbeidsdagen kan ofte bli lang. Men han trivst godt med arbeidet, og er nok ikkje den som seier nei dersom nokon treng hjelp.

Når Tone har høve til det, følgjer ho ofte med mannen om kveldane når han er ute og klypper, og ho har nok ein del kjennskap til yrket, for ho har òg arbeidd på slaktehus. No går ho tredje året på sjukepleiaraskulen, og for tida har ho praksis som heimesjukepleiar her i Jølster.

Eg spurde kva dei tykkjer om å bu her, og dei svara begge at dei liker seg veldig godt. Kontakten er god, både med dei andre innflyttarane og dei fastbuande. Dei har begge fått høve til å reisa rundt i kommunen på grunn av arbeidet, og Thomas bed meg ta med at han syns han er blitt veldig godt mottatt same kvar han har vore. Dei fyrste gongane han reiste rundt på gardane her, for å klyppa sauer, kunne han ikkje særleg mykje norsk, men kontakten var det aldri noko i vegen med, og dette er noko han set pris på.

No snakkar Thomas godt norsk, og eg spurde om han har lært språket sjølv, eller om han har gått på norsk-kurs? Han svara at han begynte på eit norsk-kurs i Førde ein gong, men kurset gjekk føre seg på ei tid det var sesong for saueklypping, så tida strakk ikkje til, og han måtte gje det opp. Så språket har han lært sjølv, på arbeidsplassen og i privatlivet.

Her i landet har me som kjent to skriftmål, og eg lurte på om det var slik i Skottland og? —Nei, me har berre eit skriftmål, svara Thomas, men på same måte som her, har dei ulike dialektar, som kanskje har sine spesielle ord og uttrykk.

Eg spurde om dei hadde gjort seg nokre tankar om dette å flytta til ein ny stad, og Tone meinte at det kunne vera ein fin skikk, dersom det var slik at «dei nye» vart ynskt velkommen av dei som alt budde der frå før. Så kanskje dette er noko å tenkja på neste gong me får ein ny nabo.

Eg vil slutta med ein liten episode som hendt meg ein gong eg var på vitjing i heimbygda mi. Eg traff på ein annan utflytt sambygding, og me prata litt om eine og hitt. Han spurde meg kvar eg budde no, og eg sa at no bur me i Jølster. Då svara mannen kjapt, «jamen då har de komt til finaste bygda». Og det trur eg fleire enn eg er einige i.

# Nattergalen 4H

Tekst: Laila, Else og Anita i samarbeid. Foto: Laila Hov Sandnes

I Jølster er det 8 4H klubbar med til saman 180 medlemmar. Ein av desse klubbane skal få presentere seg her. Det er Nattergalen 4H, som held til på sørsida og dekkar området Sanddal og Myklebost. Klubben starta opp i førstninga av 1980, og er såleis berre 5 år. Medlemstalet i klubben har lege mellom 16 og 20 heile tida, og det vil sie det same som at omlag alle i området som har alderen til det er med i klubben. I 1984 har vi vore 20 medlemmar. Klubben har sitt eige styre valt blandt medlemmane med formann, nestformann, sekretær, kasserar og styremedlem. I tillegg har klubben ein leiar og to hjelpeleiarar, leiar er Laila Hov Sandnes, og hjelpeleiar er Else Årnes og Kjartan Sandal.

## Kva driv vi så med i ein 4H klubb?

Jau, vi har møter, vanlege klubbmøter ein gong i månaden, med unnatak for sommarferien, festar, turar, tevlingar og liknande. På klubbmøta tek vi opp og diskuterer saker som vedkjem klubben, vi har litt underhaldning, leikar, og snakkar gjerne om 4H-oppgåvene våre, og spør leiarane om råd og rettleiding. Ein av medlemmane har gjerne ein demonstrasjon frå oppgåva si, og syner dei andre medlemmane noko frå oppgåva. Siste året vart det spesielt populært med demonstrasjon frå husstell-oppgåver.

Oppgåver ja, alle medlemmane har kvar sine oppgåver å arbeide med, som dei satar med om vinteren/våren, og fullfører til haustfesten i sept./okt. Av oppgåver er det mykje å velje mellom innafor ymse fagområde, så som Hus og Heim, Landbruk, Lagsarbeid og Sjøbruk.

Dei fleste medlemmane arbeider kvar for seg, men nokre arbeidar i lag med same slag oppgåve. Friluftsliv er ei oppgåve som fleire år på rad har vorte løyst i gruppe i klubben vår.

I tillegg har klubben dei to siste åra hatt ei felles oppgåve i Grønsakdyrking. Vi har fått åker hjå ein av hjelpeleiarane, og så har vi planta kål, ca. 300 stk. Desse har vi stelt utover sommaren, to og tre medlemmar om gongen etter vaktliste. Når kåla tok til å verta ferdige, og vi kunne hausta dei, fekk vi lov til å selja utafor butikkane i Sanddalen og på Myklebost om laurdagane. Salget gjekk godt, og vi fekk på denne måten ein god slump i lagskassa.

I mars hadde vi skidag, med tur på Ytredalsstølen, der hadde nokre av medlemmane laga til ei løype med innlagde postar med spørsmål, eller vi skulle gjere ymse ting, så som å rygge på ski t.d. Det var ein artig dag sjølv om veret ikkje var det aller beste.

Som avslutning før sommarferien hadde vi bål og grilling attmed vatnet, ein fin junikveld. I år har vi også

skipa til tevlingsdag der vi bad inn dei andre klubbane i kommunen. Vi tevla i Natursti, Blomsteroppsetting, Varekjennskap og Pilkast.

Vi brukar også å ha to festar for året, ein like før påske og haustfest. På festane er det medlemmane som syter for programmet, sketsjar er det som er mest moro, men også andre ting. Vi prøver også å lage noko av programmet sjøve, med lokalt stoff. På haustfesten stiller medlemmane ut oppgåvene sine, det dei har laga eller stelt med siste året, og får då merker og fagskjold for fullførte oppgåver.

## Vi spør nokre av medlemmane kva dei synest om 4H?

1. Kvifor er du med i 4H?
2. Kva likar du best i klubben?
3. Er det ting du ikkje likar?
4. Har du lært noko av å vera med i 4H?

### Sissel Dokset, 12 år svara slik:

1. Fordi det er kjekt.
2. Arbeida med oppgåvene.
3. Nei.
4. Har lært ein del om underhaldning, og så har eg lært å lage mat, eg har hatt oppgåve i Mat med mjølk.

### Anita Sandal, 18 år, svara slik:

1. Dette er det einaste å vere med på i nærmiljøet, og eg vil gjerne støtte klubben.
2. Postitivt at klubben samlar grendefolket, klubben er miljøskapar for unge og gamle.
3. Nei.
4. Lagsarbeid, å vera med i styret og lære seg å leia møter og festar. Har også lært ein del av oppgåvene.



Styret i Nattergalen 4H, frå venstre Sjur Olav Sandal, Norunn Hylderås, Gunn Årnes og Anita Sandal. Aud Åsen var ikkje til stades.





Sjur Olav Sandal og Olav Dvergsdal er her i arbeid med å lage til sin blomsterdekorasjon på tevlingsdagen.



Karin, Kirsten, Sissel, Oddhild, Britt Randi og Laila sel kål frå 4H klubben sin åker.



Frå utstillinga på haustfesten, her er tre aspirantar, Vegard Sandnes, Idar Sunde og Geir Dvergsdal som hadde frimerkesamling som oppgåve.

## Ungdom

Opp og ut i ljøs og dag  
med din unge vilje!  
Bort frå myrkemakters drag,  
lær deg til å skilje  
millom godt og vondt på jord,  
ja ver sann og ekte,  
skap ei ungdomsfylking stor  
utan stomnar knekte.

Helsing Rakel, til minne.

## Velkomsthelsing

skreven til haustfesten av Laila Hov Sandnes

Velkommen til 4H fest vi helsar deg.  
Vonar at kvelden vert fin og triveleg.  
I 4H vi steller med både eitt og hitt  
ja, berre vent så skal eg fortelje litt.

Vi har oppgåver av mange slag  
vi strikkar og vi syr, og det vert mang ein bakedag.  
Bollar, brød og vaffelkake,  
det er ting vi gjerne vil smake.  
På rommet ein ordnar, ryddar og pussar til.  
Ja, eg vil berre sei deg, vi kan når vi vil.

Rundt heimen nokre steller og plantar blomar,  
slik at det vart fint med fargar i sommar.  
Å finne dei rette motiv å fotografere  
det er både fint og nyttig å lære.  
Nokre spring i fjellet og observerar  
planter og dyr, og flittig noterar  
ting dei har sett, og opplevd og funne  
alt om naturen er nyttig å kunne.

Andre samlar frimerker og set i album  
det blir så mange, ein kan mest bli stum,  
frå mange land, både gamle og nye  
ja, vi kan forstå dei av samlinga er krye.

Poteter ein dyrkar i lange rekker,  
og avlinga vart god, den fyller mange sekker.  
Grønsaker dyrka vi og stelte i lag  
dei voks og vart større frå dag til dag.  
Kål har vi selt og pengar er tent,  
med dei skal vi betale klubbkontigent.

Ja, dette var det vi har stelt med i år.  
Og no ventar vi berre at merker i får.  
Vi har stilt ut vårt arbeid så de skal få sjå  
kva det er vi gjer i Nattergalen 4H.

### *Firma Gunnar Hylderås*

Ass. Landhandel  
Sanddal tlf. 27 656

Medisnutsal - Kommisjonær - Norsk Tipping

### FØRDE SAMYRKELAG

Avd. Vassenden

DIN EGEN NÆRBUTIKK

# Mållag i Jølster

Vi har hatt mållag i Jølster tidlegare. Alle desse har sovna bort avdi ikkje nokon kjende seg kalla til å føre arbeidet vidare. Det har vore mållag både i Helgheim og Ålhus sokn, dessutan Måltyrkingsringen som var for lærarane. Vi vil kome attende til mållagsarbeida i seinare utgåve av Jølst. Denne gongen har vi fått Sverre Myklebust til å fortelje litt om arbeidet i Måltyrkingsringen.

## Måltyrkingslaga i Jølster

*Tekst og teikningar av Sverre Myklebust*

Jølster Måltyrkingslag kom i gang i 1943. Det var truleg Eirik Hjelmbrække som gjekk i brodden her. Anders Lothe nemner i føreordet av «Målreisingsoga i Sogn og Fjordane» at det særleg var Jølster Måltyrkingslag å takke at boka kunne prentast. Prestelyden Kallhovd og lærarheimen i Ålhus var med. Kallhovd var frå Hornes, Bygland i Setesdal, den første bygda i landet som tok nynorsk til skulemål, år 1890. Med Kyrkjelydsbladet «Hyrdingrøysta» som han fekk i stand og styrde dei 17 åra han var her, fekk han gjort mykje i målvegen og. I «Jul i Sunnfjord» 1958 skriv han mykje om måltyrkingslaget, og m.a.: «I dei nye bussane kom eit oppslag: «Vis reinsemd og sømd». Eg gledde meg over veldyrka mål. Men for Jølstringane var ikkje dette godt nok. Det skulle stått: «SYN reinsemd og sømd».»

Det var mikjelsmessdag i 1947 at målringen i Helgheim kom til. Til vanleg var det Stardalspreik ein slik helgedag, men det syner ikkje «Hyrdingrøysta». Men presten Kallhovd var til stades, det syner møteboka. Johs. Klakegg skulle vere formann i laget og han skulle skippe til neste møte. Møta gjekk på omgang i lærarheimane.



Sverre Myklebust i stova på Haugholt.



*Mikkjelsmessdag 1947 møttest vi nokre vener frå lærarheimar i Helgheim i målstova Haugholt til samling om god fedraarv i mål og bygdekultur.*

*På peisen raud og fræste det i tusen - år - gamle tyrirøter, som førde tankane våre attende. Men røtene minner og om renningane og livet som skal vyrdslast og vernast. Husbonden ynskte velkommen og ein song. «Målet hennar mor». So fekk sendemannen frå Jølster målskipingsring, presten vår, ordet. Han kom med mange praktiske vink om talemålet og skriftmålet.*

*So snart ordet vart fritt, rulla det frå den eine til hin, so det knapt vart tid til å få seg ein matbite.*


*Fyrr vi skildest i 9 - ti tida, vart det vedteke at Klakegg skulle skipa til neste møtet, og underskrivne skulle føre møteboka.*

*Sverre Myklebust  
Tilstades var elles:  
Johs. A. Klakegg  
Nora Myklebust  
Helfrid Klakegg*

*Oddmund Klakegg  
Maria Klakegg  
Gudtorm Kallhovd*

Det var ikkje fargefilm i dei dagar, og lite med blitz, so møteboka opnar med bilete i svart kvitt, teikna etter minnet. Presten sit ved peisen og gjev «mange praktiske vink om tale- og skriftmålet. Heile huslyden er med, store og små, med hushjelp, syner bilete frå lærarheimar. Anders Viken er fast inventar med fela, og Rakel les sine førekvede eller etterkvad, som det høver. Ein må nok gisse kven som var tilstades på første møtet, men på neste samkoma måtte dei skrive under, dei som var tilstades då.

Om gissing ikkje stod på saklista, vart det gjerne eit tinnslag, som då det kom fram at ein hadde gløymt namnet på nyheimen hans Eirik Hjelmbrække der i teig-en. Det skulle no sjølvsaugt byrje på Mål. Men var endinga: brække - bakke - voll - myr - bø - bu - bo - stad - bruk - heim, eller? Målbo kunne det i alle høve ikkje vere.



Men det vanta kje på viktige emne i ringane. Professor N. Gjelsvik, kjend for storverket med målet i lovene våre, hadde vore med å skipa N.mållag 1906, formann 1912-15 og fremja N.målstyringslag seinare. 1938 kom siste boka hans «Von og veg», og denne fekk no gjennomgå i ringane. Her kjem litt frå boka om det no so altfor vanlege ordspelet finne stad (tysk: stattfinden), t.d. «Fangens næste foredrag vil finne sted onsdag kl. 20 på samme sted. «Nynorsk: Fangen held næste foredraget sitt onsdag kl. 20 på same staden.» — Vi les vel snart i blada: Det er enno ikkje bestemt når opning av Fjærlands-vegen vil finne stad. — Norskare: Det er kje enno avgjort når Fjærlands-vegen skal opnast. Og i valåret 1985: Oppteljinga av innkomne stemmesetlar skal finne stad. — Kort og godt: Røystesetlane skal teljast opp (ville Gjelsvik sagt).

I «Von og veg» viser gjerne Gjelsvik til nynorsk-utgåva av Sinbad Farmann, ved sin samtidige prof. Alexander Seippel, målmeisteren, som gav oss det meste av den heilnorske Bibelen 1921, - omsett og fullført av R. Indrebø 1938. Ringane nytta hans studiebok, med kring 10 s. heimelekse til neste møte. Ein dreiv og med omsetjingar, og prøvde vrake tvilsam norsk, som «igjen - fordi - vidare og UKEN», sjølv sagt. No har vi likevel fått vidaregåande skule, og det vantar ikkje oppslag som «Ukens tilbud» - med valg og salg, tirsdag og lørdag (løverdag?).

Her kjem vekedagane i stev frå Haukedalen - nokso moderne:

«Månd'n og tysda'n er traurike dage  
Onsda'n og torsda'n då ska me kje klage  
Freda'n går fort, og natte te laurda'n, då søv me  
kje stort».

Her har vi gudenamna og laugardagen, so tirsdag og

lørdag skulle heller ikkje lokke jølstringar med slike oppslag, til å møte opp.

Siste referat for Helgheims-ringa, 1971. Men kva kan møteboka for ringen i Ålhus fortelje, eller mållags- og ungdomslagsbøkene? Kvifor målstyrking når stort fleirtal av skulekrinsane i landet hadde valt nynorsk fram mot 1940, og Jølster i alt styringsverket? For lærarane kunne rettskrivings-brigda frå 1907 og utover vere ein grunn. Gustav Indrebø rettleidde soleis i lærarlaget at a-forma var kje so sjølv sagt. Og vi sa vel gjerne: «På solinj eg ser - . Og det trongs vel utreinskingar etter 400 åringsnatta, og den økonomiske og sosiale voksteren, frå bonde- til bymiljø, trong tilsyn i målvegen, som no i oljeverksemda.

### So litt frå målstriden i Jølster

1892 vart Rolfsen lesebok innført i Veiteberg, «som loven byder» står det i møteboka. Året etter tok Klakegg krins opp målbyte-spørsmålet, truleg ved læraren Sjur Heggheim. Framlegget vart nedrøysta, som i Veiteberg og Åmot seinare på året. Kring 10 år seinare vart tilleggsboka i lesing ved Støylen innført. Men då hadde lærar Johs. Ålhus i Veiteberg og Åmot 1900-04 ofte lånt elevane bibelsoga og kristenlære, og i samarbeid med Olav Viken hatt framhaldsskule og kveldsskule, og fram til 1908 fått gjennom mange framlegg til byte av alle lærebøkene. Men dette var visst ikkje etter loven, so det laut heradstyrevall 1910 til, før krinsane no kunne velje mellom fullt målbyte frå 1911-19, då endeleg Eikås kom med. Det vart som Gjelsvik sa i si tale ved Helgheimskyrkja: «vårloysinga lyt kome innanfrå landet».

Elias Melvær, utdanna ved Stord, vitja lag i bygda. A.E. Fond i Myklebost-Sanddal hadde gått same skulen, let

Framhald side 6

# Premiekryssord for ungane



## Vassrett:

1. Midt i kryssordet
6. —? Det var vondt!

7. Plagsamt utøy
8. Roar Solstad
11. Seier bilhornet
13. Tre
14. Få til å vekse
15. Frukt
17. Over huset
20. 3,14
22. Smile
23. Lodder skulemusikken ut før fars- og morsdag

## Loddrett:

1. 24. desember
2. Teppe av lappar
3. Ikkje gamle
4. Fortid av å seie
5. Er du ikkje på julafta
9. Bakar vi før jul
10. Et mange julekvelden
12. Kan ulven
16. Brukar vi når vi lagar julepynt
18. Det same som 14 vassrett
19. Greit!
21. Elva


## Kveldsro

Skreiv i 1976 av Rakel Viken

Det er stille kveld.  
Ein døyande eld  
frå ei sol som dalar  
logar i snøkvite fjell.  
Eg set ved glaset og ser på glansen mot høgda,  
på stjerner som kveikjest over bygda.  
Alt andar fred.  
Eg er ikkje lenger med  
i maset og arbeidskavet.  
Min båt har sigld over livshavet  
stundom i motbør, men og i solgangsvind.  
No tek han mæ av den høgste tind.  
gjev ljuset derfrå må lysa inn —  
til den heimen trygt, som ikkje av menneske  
er bygt.

Ut på øyane budde ein strid riksmålsmann. Han var religiøs, men tykte det var leitt at ein så bra mann som Ludvig Hope skreiv nynorsk. Så kom det ein bokseljar til øya. Riksmålsmannen såg over bøkene og fann mellom anna «Mot målet» av Ludvik Hope. Så sa han: «Jamen er han komen på betre tankar, Hope og nå».

# Premiekryssord



Bokpremie til dei tre første rette løysingane vi trekkjer ut. Send løysinga til:

Jølster Mållag, Postboks 62, 6850 SKEI  
**innan trettandedag jul.**

# Klasse 2A ved Vassenden skule tegnar og skriv om jula



Jesus blei født i ein kribbe da ble Maria og Josef  
glad og englene for talde det til gjeterane.

Att Jesus var født  
Lina-Kristine



jula. ✦

Når jula renner på  
skal nissen ut å gå. ✦  
Og dei små borna til nissen  
er litt klissen av marsipan ✦  
og sjokolade og alle andre  
søte saker. Guro.

Kva er grønt og har masse  
pynt på? juletre

Kva er rødt og har langtråd på?  
julekule  
Ørjan

Kvifor feirer vi jula? fordi

de er bursdag til Jesus

Gleder du deg til jul? Kvifor fordi de er gøy

Kvar får de juletreet frå? Skogen

Kven pyntar juletreet heime hjå deg? morsuen,  
del er nissen.

Kva et du julaftan? pepparkake

Kva tid byrjar de å opne pakkane? 8-ytia

Kva trur du du får til jul i år? fjernstyrt bil  
Øystein

jul

no jula kjem  
da må vi vaske

huse vårt og  
hente juletre og  
gå i byen og kjøpe  
pakkor og  
pynte juletreet



vårt

va er rødt

som stik op bak  
shøen


de er nisen

KJELL



## Nissen


Nissen har pakkar i sekken han  
 må ikkje dette i bekkene, då må  
 ongene gråte for då er pakkane  
 våte. Heidi



Idag er det jul og alle har  
 det travelt med julereint.

I går henta vi juletre for i  
 dag hadde vi ikkje tid for vi  
 hadde det så travelt med  
 julereint og vi måtte pynte  
 treet og eg gler meg sån  
 til i kveld for då får vi  
 so masse pakkar. det var det

KJARTAN





1 kva som kjem  
 om julekvelden  
 2 kva er grøn med  
 masse under  
 ROGER HÅLAND

14

nå er det snart jul.  
 Mor har brynt og bake  
 og eg gleder meg til i  
 måra for da skal eg  
 kjøpe jule pakketil mor.  
 Og det skal vere eit  
 fin smykke og då blir mor  
 sikkert glad.  
 Og ette måra skal vi hente  
 jule tre og då ska eg  
 få sette på litt av dei  
 nederste jule tinga.  
 Og det skal heldi vis  
 vere om kvelden for  
 ette det ska eg gå og  
 henge opp strømpe buksa  
 og då skal eg legge meg  
 og vente til jul.

Nå endeli jul og nissen har  
 vore her med litt godt.  
 Og vis eg tenker til bake  
 at mor vaska runt  
 da hadde det vore kjedeli  
 TORILL



## Til Jølster Mållag

Vi som har levt ei stund vil hugse at det for få år attende var noko i avisene som heitte «Lysing for ekteskap».

I denne spalten fann ein så namna til dei tvo som skulle vigslast. På desse 3 vikene, som skulle vere mellom lysing og giftarmål, vart det særleg etter siste kring, ein flaum av hefter og ark, med utkast til brudlaups-songar som kom til desse tvo. Stort sett alt på bokmål. Dette var vel grunnen til at lærar Eirik Hjelmbrække oppmoda meg um å skrive ein brudlaups-song på nynorsk, og sende den til mållaget.

Songen var skriven, men av ein eller annan grunn ikkje send vidare. Hjelmbrække vart sjuk og gjekk burt.

Songen har med ymse omskrivingar vore brukt, så her er gjerne dei som dreg kjensel på den, når den no vert send til Jølster Mållag.

Med helsing Anna Østenstad

## Brudlaups-song (Tone: Eg vil syngje)

### Frå gjester til brudepar

Brudlaupsklokker ringjer no  
kimar glad for desse tvo  
som til mann og kone no er vigde saman.

Av vårt heile hjarta vil  
vi få ynskja lukke til  
Lukke til i livets alvor leik og gaman.

Som ei dronning i si prakt  
brura lyser i si drakt  
med sin hjartans konge byrg att ved si sida.

Klårt de baae svara ja  
at de vil ein annan ha  
leva saman for i dag og ettertida.

Me det rådet giva vil  
kongeplassen ikkje spill  
så vil kona alt for deg og heimen gjera.  
Dronningsæte i hans sinn  
må du verna alt du vinn  
så vil mannen deg på sine armar bera.

Takk for kjærleiks-gåva stor  
dette største her på jord  
som forgyller og fortryller sinn og tankar.  
Då er dagen aldri grå  
aldri er det keisamt då  
når i varme elsk tvo hjarto saman bankar.

Ja så syng vi at de då  
lenge, lenge leve må  
lev med hugnad til de siste kveld skal sova.  
Hava glede av dei små  
som kan hende bankar på,  
for fyrst då kjem rette kosen inni stova.

## Målflokken

Den flokken som  
på nynorsk sida står  
og fram for Noregs  
norske landsmål går. —  
den flokken må  
framleies halda lag  
og ikkje spreidast  
i det ville jag. —

Tap ikkje modet! —  
Her er enno tid! —  
Her kjem ein norrøn  
sommar god og blid! —  
Me byggjer hus  
og tempel, veg og mur! —  
Snart skjønar nordmenn  
kvar det er dei bur!



## Landet er funne

Landet er funne! —  
Noreg er vunne! —  
Morsmålet kling  
over bygd, over by! —  
Grannar og grender  
samstelte stender —  
bøter det gamle  
og byggjer det ny! —

Framtidi vinkar! —  
Dagstjerna blinkar  
Frihuga gjeng me  
til arbeids i lag! —  
Norskdom og samhald.  
opptak og framhald —  
fint skal dei fylgja  
den norrøne dag! —

G. Skodvin

## På folkemunne i Jølster

Det var i året 1936, tre år etter den veldige turkesommaren som heldt på å gjere skade på både fe og folk. Ein mann frå Stardalen, han heitte Elias Befring, skulle ned i Sundsdalen og kjøpe seg ei merr. Han hadde tidlegare på året mist einaste hesten sin ved ei skyteulukke fram på Skei. Ja, denne stardølingen skulle ro ned på Vassenden, og derifrå skulle han få hesteskysst resten av vegen. Men då han var komen ned Jølstravatnet, braut han av eine åra, si og så styrde han båten i land oppe med Svidal. Der kom han i snakk med ein svidøling. Han sa at stardølingen ikkje måtte reise ned i Sundsdalen og gjere hestekjøp, for hestehandlaren der nede var ein rakkars mann av verste slag, og hestane han selde var berre noko skrot.

Så vart det til det at stardølingen skulle reise bort til Strand og kjøpe seg hest der. Dette gjorde han, men då han skulle betale hesten han hadde kjøpt, viste det seg at svidølingen hadde stole setleboka hans. Stardølingen reiste då opp til lensmannen og melde dette, og lensmannen drog beinveges i Stardalen, og arresterte han som hadde stole pengane. Svidølingen vart sett i arrest i eit hus oppe i Nerbødalen. Der skulle han sitje ei veke. Men då tre dagar var gånne, kom det bod om at kjerringa til den fengsla hadde fått tvillingar, og at arrestanten laut få sleppe fri og kome heim. Men så vart dei samde om at Stardølingen skulle reise i Svidalen i staden. Og slik vart det. Men så seier ikkje denne saga meir.....

## Sterke meiningar

—Eg har vel alltid vore svært medveten når det gjeld språket. Og eg har vore radikal med omsyn til målføringa sidan eg hadde ei oppleving på førskulen i Stavanger: Kvar morgon las lærarinna frå Bibelen. Men så vart ho forkjøla, og lesinga gjekk på omgang i klassen. Då det var min tur tok eg fram landsmålsbibelen som eg var van med, og las frå den. Etter to vers tok ho av seg brillene, såg ut over klassen og sa: «Har dere hørt noe så forferdelig?». Så sidan det har eg vore temmeleg medviten om at eg skulle bruke nynorsk.

Eldrid Lothe frå Lote i Firdaposten 19. oktober 1984.



**GOMBINO**  
AUT. VÅPENFORHANDLER  
6853 ÅRDAL I JØLSTER, Norway  
Tlf. 27647

**KRAMBUA**  
**SIGURD KLAKEG**  
6850 SKEI TLF. 28122

## Turisthotellet i sydenden av Jølstravatnet



### Kvifor så populært?


- FORDI VI SET MAT, REINT & PENT I HØGSETET.
- FORDI DET HENDER NESTEN ALLTID NOKO I LOKALA VÅRE.
- FORDI VI YTER SERVICE ETTER SUNT BONDEVET.
- FORDI PRISANE VÅRE ER SVÆRT GUNSTIGE.

### VASSENDEN HOTELL

6840 VASSENDEN I JØLSTER  
Telefon 057/27.300

 M-consult AS





Reproduksjon av Nikolai Astrup sitt måleri:

**Vårkveld i Jølster (1925)**

er no til sals i utsalet vårt. Originalen tilhører Nasjonalgalleriet.

**AUDHILD VIKENS VEVSTOVE**

Skei - Tlf. 28 125



Rør og rørartikler  
Sanitæranlegg og utstyr  
Varmeanlegg med ved og flis  
Varmegjenvinningsanlegg  
Kjøkken innredning  
Baderom og møbler  
Fliser for bad og melkeromsgolv

**JØLSTIER RØR**

**Aut. rørleggermester**

**TROND AARDALBAKKE**

6850 Skei i Jølster

*Såvarer  
Kraftfor  
Kunstgjødsel  
Landbruksmaskiner  
Verkstad*



**VOLVO BM VALMET**

*Ta kontakt med oss:*



C. SUNDTSGT. 9-13 — 5000 BERGEN — TELEFON (05) 32 55 00  
AVD.: 6859 SKEI I JØLSTER — TELEFON (057) 28 202  
AVD.: 5590 ETNE — TELEFON (047) 66 544




**Jølster Samyrkelag**

Avd. 001 - Skei Jøster - telefon 28 377  
Avd. 002 - Veiteberg - telefon 28 929  
Avd. 003 - Årdal - telefon 27 644  
Avd. 004 - Ålhus - telefon 27 720

# Ålhytta

For den som stiller  
store krav til  
kvalitet og utnytting



**Vi lagar gjerne hytta etter dine  
eigne planer. La oss hjelpe deg  
til å realisere draumen.**

**ER MEIR ENN HYTTE**

Kan leverast som bustadhus,  
barnehage, kiosk, garasje,  
uthus og leikestove.

Vi ynskjer brosjyre og prisliste.

Namn: .....

Adr.: .....

## JØLSTER BYGG AS

6840 VASSENDEN I JØLSTER - TELEFON (057) 27 413

## Jølster Lenestol

MØBELTAPETSERARVERKSTAD

6853 ÅRDAL - Tlf. 27 612

## Aif Helgheim & Co

*Vr optikk foto musikk*

HELGHEIM ÅRDAL I JØLSTER

Tlf. 057/28 164

# NINA'S

salong DAME  
HERRE

VASSENDEN

TLF. 27211

# A/S LEFI BAKST

TLF. (057) 27 252

6840 VASSENDEN

# HAIN

TLF. (057) 27 325

**6840 VASSENDEN**

Mekanisk verkstad

Reparasjon av Landbruksmaskiner  
og utstyr

Sveising — Stålkonstruksjoner

Porter — Platearbeid

Reparasjon av graveskuffer  
og hjullasterskuffer

Gravemaskiner — Dumpers  
Hjullaster mm.

Forhandlar av gravetenner,  
frontstykker og vendbare tenner

*Ring eller kom, vi står til teneste*



PÅ VEG TIL  - EKSTRA

Kr. Myklebust, Myklebust tlf. 27 673

KOLONIAL - BROD - SOUVENIRS  
FISKEKORT



## Siste dagen i året kan kosta deg 3.200 kroner

Sparebanken stengjer kl. 12 Nyårsaftan.  
Har du gløymt å opna SMS-konto (sparing  
med skattefrådrag), kan gløymsla kosta deg  
opp til 3.200 kroner. Har du råd til det?

### Skattesporebanken



SUNNFJORD SPAREBANK

Avd. JØLSTER

Telefon 27 637 - 28 108

Jølster Bibliotek  
6843 SKEL

